

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.03.2014

Temadag «Grenselaus kultur?»: Ca 60 personar er meldt på til temadagen og halvparten av desse er kommunale råd. Med tanke på at det er 33 kommunar i Hordaland er dette eit lågt tal. Noko av grunnen kan vere at invitasjonen ikkje når fram til dei. Resten av dei påmeldte deltakarane er ansatte i kommunar, frå kulturkontor og frå kulturinstitusjonar. Det er ein stor seier for rådet og visar at det er ei trong for slik informasjon i miljøet.

Arrangementet vert heldt på Hotel Norge 3. april. Programmet er sendt til rådet, sekretærer til kommunale råd og til kommunale postmottak. Til neste år bør ein vurdere å sende programmet til ordførarane og, samt at varamedlemar i rådet vert invitert.

Orienteringar: Rådet ønskjer mange orienteringar, men grunna arbeidet med temadagen, samt at ein del ikkje hadde moglegeheit til å kome, vert det ingen orienteringar til dette møtet.

Oversikt over større sakar til politisk handsaming 2014: Denne saka var ikkje klar når sakane til rådet vart sendt ut og vart derfor presentert i møtet. Rådet tek den til etterretning.

Betre samhandling med dei kommunale råda: Jostein Ljones tek opp at han saknar betre samhandling med dei kommunale råda og at det gjerne er det fylkeskommunale rådet som bør teke litt ansvar for at dei kommunale råda får ein arena til diskusjon. Neste års temadag bør vere over to dagar og eit av tema bør vere samhandling mellom råda.

Ny vidaregåande skule på Voss: Rådet har informasjon om at fylkeskommunen skal bygge ny vidaregåande skule på Voss og ønskjer som tidlegare å vere inkludert i arbeidet med universell utforming. Rådet ønskjer å vite status på arbeidet.

Vedtak

Temadag: Til neste år vert invitasjon sendt og til ordførarar og til varamedlemar i rådet. Arrangementet bør vere over to dagar og bør inkludere ein økt om samhandling mellom råda.

Ny vidaregåande skule på Voss: Rådet ønskjer å vere inkludert i arbeidet med universell utforming og ber om status på arbeidet frå Eigedomsseksjonen.